ETABLERARAR: Kvinnelege gründerar på seminar og juleavslutning på Pan Garden. Vi ser frå venstre Tina Høgevold frå Bleieboden i Valle; Trine Jenssen frå Lyngør Møbler; Bjørg H. Øygardslia frå Bjørgs leseverksted på Vegårshei; prosjektleiar for Kvinnovasjon i Aust-Regionen Kamilla Solheim, Elin Cornell frå Cornells melblanding i Arendal; Hild Marit Skarmyr frå Skarmyr Miljøcoaching i Åmli, og Brita Søndenå på Pan Garden.

Kvinne-nettverk i Åmli

I førre veke hadde nettverket "Kvinnovasjon" møte i Åmli. Her møtte dei Pan Garden, ÅmliAvisa og "Folkets favoritt".

INGER STAVELIN

Kvinnovasjon er ei nettverksgruppe av kvinnelege etablerarar og næringslivsleiarar i Åmli, Risør, Gjerstad, Tvedestrand og Vegårshei. Gjennom denne gruppa får kvinner tilbod om ulike kurs, seminar og nettverksmøte.

ÅmliAvisa og Pan

Det førre møtet sitt la dei til Pan Garden, men var kort innom ÅmliAvisa og høyrde John Mjåvatn fortelje historia om korleis denne bedrifta blei etablert. På Pan fekk damene høyre Åsa Brita Søndenå fortelje om utfordringane ho og mannen Kjell fekk då dei kjøpte hotellet, og korleis bygda har vore med å prege denne arbeidsplassen.

Bleieboden

Kvelden blei avslutta med at Tina Høgevoll frå Valle delte sine erfaringar med etablering og drift av nettbutikken Bleieboden. Tina og hennar tøybleiebutikk blei nettopp vald til "Folkets favoritt" på Kvinnegründerdagen i Agder.

Tina fortalde at interessa hennar for tøybleier blei vakt då ho hadde mammapermisjon med born nummer fire, og sat og shoppa på nettet.

– Eg fann så kule tøybleier i Tyskland og Amerika, sa ho, og dermed var ideen født. Ho ville etablere ein bedrift heime i Valle, og det har ho gjort. I løpet av dette første året butikken har vore i drift, har ho hatt ei omsetning på tre millionar kroner på bare nettbasert sal. Nå har ho begynt å tenke på å tilsette ein person i ein fysisk bleiebutikk i Valle, og håper å få det til i 2009.

Ope for fleire

- Kvinnovasjon er eit nettverk for kvinner i Åmli også, derfor var det fint at vi endeleg kom ein tur hit, seier prosjektleiar Kamilla Solheim i Kvinnovasjon.

Ho opplyser at nettverket har rundt 15 medlemmar, tre av dei er frå Åmli.

- Vi vil gjerne ha med fleire, seier ho.